



Re-kartlegging av 8 tidlegare kystlyngheilokalitetar i Møre og Romsdal

Bioreg AS Rapport 2015 : 07

BIOREG AS

Rapport 2015 : 07

Utførande institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nr. 978-82-8215-289-1
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Finansiert av: Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Dato: 1. oktober 2015
Referanse: Langmo, S.H.L, Folden, Ø. & Oldervik, F. G. 2015. Re-kartlegging av 8 tidlegare kystlyngheilokalitetar i Møre og Romsdal. Bioreg AS. Rapport 2015 : 07. ISBN 978-82-8215-289-1.		
Referat: På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det rekartlagd åtte lokalitetar som tidlegare var registrert som kystlynghei. Årsaken til rekartlegginga er at kystlynghei no har vorte ein utvald naturtype. Lokalitetane ligg i kommunane Ørskog, Sandøy, Haram og Ørsta kommunar, dei fleste på Sunnmøre. Med unntak av ein lokalitet, Uksnøya i Sandøy kommune, er samlede lokalitetar omklassifisert til naturbeitemark og boreal hei.		
6 emneord: Biologisk mangfold Raudlisteartar Kystlynghei Boreal hei Naturbeitemark Registrering		

Figur 1. Framsida; Biletet viser Steinstøylen i Romedalen i Ørsta kommune som no er klassifisert som naturbeitemark og boreal hei. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 06.07.2015).

FØREORD

På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal har Bioreg AS utført re-kartlegging av åtte lokalitetar som tidlegare var registrerte som kystlynghei. Dette for å undersøke om naturtypane framleis har status som kystlynghei etter reviderte fakaark frå DN Handbok 13, der fleire av dei tidlegare utformingane av denne naturtypen er fjerna, samt som eit ledd i at naturtypen no ein utvald naturtype.

For oppdragsgjevaren har Geir Moen kontaktperson. For Bioreg AS har Finn Oldervik vore kontaktperson saman med Solfrid Helene Lien Langmo. Sistnemnde har også utforma mesteparten av rapporten, medan Lien Langmo saman med Øystein Folden har utført feltarbeidet. Dagleg leiar i Bioreg AS, Finn Oldervik har også vore ansvarleg for kvalitetssikringa.

Vi takkar oppdragsgjevaren for tilsendt informasjon. Vidare vert grunneigar i Romedalen, Asbjørn Aarseth og leiar i beitelaget i Romedalen, Ivar Aarseter takka for velvilje i samband med undersøkingane våre i Romedalen/Langedalen, og Daniel Fjørtoft frå Uksnøya villsaulag for stor velvilje og god orientering i samband med vitjinga vår på Uksnøya. Også dei to brukarane av «beiteområdet» på Flemsøya, Erling Rogne og Jon Åge Nogva, vert takka for god utgreiing om bruken av storfebeita på nordaustsida av Flemsøya i Haram.

Aure/Rissa/Tingvoll 01.10.2015

FINN OLDERVIK SOLFRID HELENE LIEN LANGMO ØYSTEIN FOLDEN


1**BAKGRUNN**

På oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal er åtte lokalitetar som tidlegare var registrert om kystlynghei re-kartlagt. Grunnen til rekartlegginga er m.a. usikkerheit omkring lokalitetsgrensene, samt at definisjonen av omgrepet kystlynghei er noko snevra inn samanlikna med den tidlegare definisjonen. I den populariserte skildringa av typen går det fram at «*Kystlyngheiene har tradisjonelt vært holdt i hevd ved beite (vanligvis gjennom hele året), regelmessig lyngbrenning og stedvis lyngslått.*» (Henta frå siste versjon av faktaark for kystlynghei publisert på Miljødirektoratet sine heimesider i juli 2015).

Kommentert [B1]: Er noko tull med formateringa på toppteksten her. Veit du råd for det?

2**DEI ULIKE LOKALITETANE**

Dei lokalitetane som skulle rekartleggast i dette oppdraget ligg spreidd i Romsdal og på Sunnmøre. Det er fire lokalitetar i Romedalen og ein i Langedalen i Ørsta kommune, ein på Kvanndalssetra i Ørskog kommune, ein på Flemsøya/Skuløya i Haram kommune samt ein på Uksnøya i Sandøy kommune. Frå tidlegare var alle desse lokalitetane registrerte som kystlynghei av ulike utformingar.



Figur 2. Kartet viser plasseringa av dei ulike lokalitetane. Som ein ser ligg fleire av dei tett saman i Ørsta kommune, medan dei andre er meir spreidd. Kartet er henta frå Naturbase.

3 UNDERSØKINGANE

Alle lokalitetane vart undersøkt i felt første halvdel av juli 2015. Samlege lokalitetar vart oppsøkte i felt, og på dei aller fleste var det også med lokalkjende på kartlegginga. Desse bidrog med nytig informasjon som seinare letta arbeidet med oppdatering av lokalitetsskildringane. Karplantefloraen vart via størst merksemd ved undersøkingane, men også andre organismegrupper, slik som sopp og fugl m.m. vart registrert i den grad ein observerte noko av interesse. Ein reknar med at undersøkingane vart utført litt for tidleg til å kunne fange opp fungaen skikkeleg, og dette er difor til ein viss grad basert på bedømming av potensiale, samt på tidlegare funn. GPS vart nyttar for nøyaktig stadfesting av interessante funn. Artslister vil etter kvart bli lagt inn i Artsobservasjonar slik at dei kjem fram på Artkart.

4 OPPSUMMERING

Etter kvart vart det klart at dei aller fleste av dei tidlegare registrerte kystlyngheilokalitetane ikkje stetta dei nye krava som var kome i samband med ei nydefinering av naturtypen, kystlynghei. Av dei åtte lokalitetane er det berre ein som i dag tilfredsstiller krava til den nye definisjonen. Dette er lokaliteten på Uksnøya, der det er drive aktiv skjøtsel med lyngsviing og heilårsbeite med utgangarsau. Her vart den eksisterande avgrensinga utvida til også å gjelde eit par holmar der skjøtsel er teke oppatt i løpet av dei siste åra. For dei fleste andre lokalitetane er avgrensinga for det meste noko innsnevra grunna attgroing. Unntaka er Kvanndalsetra og Ura/Nogva der avgrensingane vil vere som før.

Lokaliteten i Langedalen er føreslegen sletta frå Naturbase, da denne for det aller meste er attgrod med einer og bjørkekratt, og slik ikkje lenger tilfredsstiller krava til nokon av dei aktuelle naturtypane. Her vart det likevel registrert ein lokalitet, ei naturbeitemark som ligg like nord for den gamle lokaliteten, ved Bukkedalshølen i elva som renn ned frå Nukkedalen vest for Vallasetra.

Som nemnd er det berre Uksnøya som i dag tilfredsstiller krava til å kunne kallast kystlynghei. Dei andre lokalitetane er omdefinert til anten naturbeitemark eller boreal hei. Tabellen under viser ei oppsummering av resultata frå registreringane sumaren 2015.

Tabell 1 Oversikt over dei underøkte lokalitetane.

KOMMUNE	NATURBASE	LOKALITET	VERDI OPPR.	NATURTYPE OPPR.	NATURTYPE NY	VERDI NY
Ørsta	BN00029779	Romedalen: Romedalsstøylene, aust for vegen	B	Kystlynghei	Naturbeitemark	B
Ørsta	BN00029803	Langedalen: Vallasætra	B	Kystlynghei	Slettast	--
Ørsta	BN00029786	Romedalen: Moastøylene	B	Kystlynghei	Naturbeitemark	B
Ørsta	BN00029791	Romedalen: Koppen ovafor Kubbestøylene	B	Kystlynghei	Naturbeitemark	B
Ørsta	BN00029777	Romedalen: Steinstøylene	B	Kystlynghei	Naturbeitemark	B
Ørskog	BN00021530	Ørskogfjellet: Kvanndalsetra	B	Kystlynghei	Boreal hei	B
Haram	BN00019338	Flemsøya/Skuløya: Ura-Nogva	B	Kystlynghei	Boreal hei	B
Sandøy	BN00019308	Uksnøya	A	Kystlynghei	Kystlynghei	A

5**LOKALITETSSKILDRINGAR**

Under følgjer lokalitetsskildringar for dei åtte lokalitetane som vart re-kartlagt. Oppsett og skildring er basert på nyaste versjon av faktaarka frå DN Handbok 13, publisert på Miljødirektoratet sine heimesider i juli 2015.

LOK. NR. 1. ROMEDALEN: STEINSTØYLEN. VERDI: VIKTIG - B.

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029777

UTM EUREF89 32V N 6908975 A 358528

Areal: 492 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Naturbeitemark (60 %), boreal hei (30 %), myr og meir attgrodde område med boreal hei (til saman 10 %).

Utforming: Fattig beitefukteng 40 %, beitevåteng 20 %, fattig boreal fukthei 30 %. Resten består av fattige myrtypar og meir attgrodde område med boreal hei (til saman 10 %).

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 06.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo og Øystein Folden (siste)

Avgreningspresjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleining: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.07.2015 saman med Øystein Folden for Bioreg AS, i samband med kartlegging av utvalde naturtypar i Møre og Romsdal fylke på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal den 05.09.2006. Den gongen vart lokaliteten registrert som kystlynghei av utforminga tørr lynghei. Seinare er omgrepet kystlynghei noko snevra inn i samband med revisjon av DN Handbok 13. I samband med dette er lokaliteten reinventert, og avgrensinga er betydeleg endra i høve til tidlegare, grunna attgroing. Også naturtypen er endra frå kystlynghei til naturbeitemark i mosaikk med boreal hei. I Artskart er det lagt inn mange registreringar av John Bjarne Jordal, i samband med den nemnde kartlegginga.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit stort samanhengande beiteområde på flatene og i liene kring Steinstøylen inst i Romedalen i Ørsta kommune. Den er registrert som ein mosaikk mellom meir eller mindre beitepåverka område med myr, boreal hei, rasmarksenger og naturbeitemark. I naturbeitemarka finst både tørre og fuktigare enger. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, dioritt, monzodioritt, og lausmassane for det meste av torv og myr i tillegg til skredmateriale, morene og elveavsetningar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (40 %), men også med innslag av beitevåteng (20 %). Ut over dette finst ein del fattig til svakt intermediær boreal hei, for det meste av fuktige utformingar (30 %), i tillegg til noko myr og ein del område med meir attgrodde boreal hei. Til saman utgjer dette om lag 10 % av lokaliteten. Naturtypen kulturmarkseng er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan boreal hei er vurdert som; Datamangel - DD i same liste.

Artsmangfald: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, og består av ein del bjørk saman med einer. I engene vart det mest registrert vanlege og lite basekrevjande arter som gulaks, raudsvingel, finnskjegg, sølvbunke, engkvein, engkarse, aurikkelsvæve, mjuk- og stri kråkefot, lækjeveronika, fjellbunke, markfrytle, grusstorr, småbjørneskjegg, harerug, myrfiol, tepperot og kystmaure. Også fuktengene og myrene er jamt over fattige med artar som sveltstorr, torvull, stjernesildre, tettegras, slåttestorr, rundsoldogg, klokkeling og rome. Her finst også nokre blauge parti med ein del flaskestorr, bukkeblad og førekomstar av fjellpiggnopp. I rasmarksengene inngår i tillegg ein del fjellplantar som mellom anna trefingerurt, fjellveronika, fjellburkne, musøyre og hestespreng. Dei partia som består av boreal hei er i stor grad dominert av røsslyng, skrubbær, krekling, stormarimjelle, maiblom, blåbær, blokkebær og blålyng. I tillegg vart det stadvis og meir spreidd registrert meir basekrevjande artar som mellom anna kornstorr, kvitmaure, svarttopp, dvergjamne, gulsildre, gulstorr og skogmarihand. Dei fleste av desse vart påvist ved bekkekantar eller kjeldepåverka område. Også mosefloraen innanfor lokaliteten er triviell, med torvmosar, furumose og etasjemose som dominerande artar.

Den 5. september 2006 registrerte John Bjarne Jordal mellom anna grønstorr, bakkerapp, heifrytle, alm (NT), aksfrytle og bråtestorr, i tillegg til soppartar som beiteraudspore, brunfokkova vokssopp, dvergraudspore, liten vokssopp og gjødselringsopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har opp gjennom tidene vore beita i samband med seterdrifta i Romedalen. Noko av det som ligg nærmast husa har truleg også i alle fall tidvis vore slåttemark. Mellom anna myra rett sørvest for husa ber preg av dette. I tidlegare tider var det sambeite i dalen mellom både storfe, sau og geit. Det hende ofte at dyra vart flytta mellom dei ulike stølane og gardane nede i låglandet fleire gonger i løpet av sumaren grunna knapheit på beiteressursar. Det er framleis dyr på beite i Romedalen, og det meste av dalen tener no som fellesbeite. I 2015 var det om lag 100 storfe og 4- 500 sau på beite her (Kjelde: Asbjørn Aarseth og Ivar Aarseter, pers. meld.). Nokre av områda nærmast stølshusa har eit noko nitrofilt preg. Ein veg går inn til stølen, og deler den sørlege delen av lokaliteten i to. Særleg langs bekken ned mot den store slåttemyra i sør, samt i ein del av rasmarksengene i nord og vest, er området raskt attgroande med ung bjørkeskog

Framande artar: Gran er planta i området og ser ut til å spreie seg raskt.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit gammalt seterlandschap i Romedalen som har vore nyttet til seterdrift i mange hundre år. Området er framleis i drift, om enn meir ekstensivt enn før, men står enno fram som eit stort heilskapleg seterlandschap, sjølv om samanhengen mellom dei ulike seterstølane i dag er noko svekka i høve til tidlegare grunna attgroing. Det finst også andre liknande seterdalar i området, men mange av desse gror raskt igjen.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med noko høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å kunne ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskogen kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Det same gjeld for grana i området, som mange stader ser ut til å spreie seg raskt. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødsla eller sprøytast. I og med at området framleis framstår som eit intakt seterlandschap med dyr på beite, er det ikkje ønskjeleg med hyttebygging i dette området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 492 daa), låg vekt for raudlistarter og middels vekt for arts mangfald. Elles

oppnår den middels vekt for tilstand og høg vekt for påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.



Figur 3. Stølshusa på Romedalsstolen. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 06.07.2015).



Figur 4. Utsyn innover Romedalen. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 06.07.2015).



Figur 5. Ophavleg avgrensing merka med grøn skravur og ny merka med raud grense. Som ein ser grensar lokalitet til ein annan naturtypelokalitet i sør.

LOK. NR. 2. ROMEDALEN: ROMEDALSSTØYLEN, AUST FOR VEGEN.

VERDI: **VIKTIG - B.**

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029779

UTM EUREF89 32V N 6908975 A 358528

Areal: 210 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (60 %), boreal hei (30 %), myr og meir attgrodde område med boreal hei (til saman 10 %).

Utforming: Fattig beitefukteng 40 %, beitevåteng 20 %, fattig boreal fukthei 30 %. Resten består av ur og rasmark, samt meir attgrodde område med boreal hei (til saman 10 %).

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 06.07.15 av Øystein Folden (siste)

Avgrenspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, i samarbeid med Øystein Folden, basert på feltarbeid utført av sistnemnde 06.07.2015, i samband med kartlegging av utvalde naturtypar i Møre og Romsdal fylke på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokalitetten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal den 05.09.2006. Den gongen vart lokalitetten registrert som kystlynghei av utforminga tørr lynghei. Seinare er omgrepet kystlynghei noko snevra inn i samband med revisjon av DN Handbok 13. Lokalitetten er no reinventert, og avgrensinga er betydeleg endra i høve til tidlegare, grunna attgroing. Også naturtypen er endra frå kystlynghei til naturbeitemark i mosaikk med boreal hei. I Artskart er det lagt inn mange registreringar av John Bjarne Jordal i samband med den nemnde kartlegginga.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokalitetten består av eit stort samanhengande beiteområde på flatene og i liene kring Romedalsstøylen som ligg i Romedalen, ein sidedal til Follestaddalen i Ørsta kommune. Den er registrert som ein mosaikk mellom meir eller mindre beitepåverka område med ur og rasmark, boreal hei, rasmarksenger og naturbeitemark. I

naturbeitemarka finst både tørre og fuktigareenger. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, dioritt, monzodioritt, og lausmassane for det meste av torv og myr i tillegg til skredmateriale, morene og elveavsetningene. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (30 %), men også med innslag av fattig beiteeng (20 %) og beitevåteng (10 %). Ut over dette finst ein del fattig til svakt intermediær boreal hei, for det meste av fuktige utformingar (30 %), i tillegg til noko ur og rasmark, samt ein del område med meir attgrodd boreal hei. Til saman utgjer dette om lag 10 % av lokaliteten. Naturtypen kulturmarkseng er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan boreal hei er vurdert som; Datamangel - DD i same liste.

Artsmangfold: Tresjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, men spreidd finst noko ung bjørk. I busksjiktet finst det stadvis mykle einer. I engene vart det mest registrert vanlege og lite basekrevjande arter som gulaks, raudsvingel, finnuskjegg, sølvbunke, engkvein, harerug og engfrytle. Også fuktengene og rasmarka er jamt over fattige med artar som svelstorr, torvull, stjernesildre, tettegras, slåttestorr, rundsoldogg, klokkeling og rome.

I rasmarksengene inngår i tillegg ein del fjellplantar som mellom anna trefingerurt, fjellveronika, kattefot, fjellburkne, musøyre og hestespeng. Dei partia som består av boreal hei er i stor grad dominert av røsslyng, skrubbær, krepling, blåbær, bløkkebær og blålyng i tillegg til spreidde funn av grønkurle. Også mosefloraen innanfor lokaliteten er triviell, med torvemosar, furumose og etasjemose som dominantere artar.

Den 5. september 2006 registrerte John Bjarne Jordal mellom anna bakkefrytle, bakkerapp, og kystmaure, i tillegg til soppartar som beiteraudspore, silkeraudspore, stjernespora raudspore og papegøyevokssopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har vore beita i heile den tida det var seterdrift i Romedalen. Noko av det som ligg nærmast husa har truleg også i alle fall tidvis vore slåttemark. I tidlegare tider var det sambeite i dalen mellom både storfe, sau og geit. Det hende ofte at dyra vart flytta mellom dei ulike stølane og gardane nede i låglandet fleire gonger i løpet av sumaren grunna knappheit på beiteressursar. Det er framleis dyr på beite i Romedalen, og det meste av dalen tener no som fellesbeite. I 2015 var det om lag 100 storfe og 4 – 500 sau på beite her (Kjelde: Asbjørn Aarseth og Ivar Aarseter (pers. meld.)). Nokre av områda nærmast stølshusa har eit noko nitrofilt preg. Ein veg går gjennom stølen, og deler lokaliteten i to. På store delar av lokaliteten er det innslag av einer og bjørk som ikkje lenger blir rydda bort etter kvart, og det er ein del spreying av gran.

Framande artar: Gran er planta i området og ser ut til å spreie seg raskt.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit gammalt seterlandskap i Romedalen som har vore nytta til seterdrift i mange hundre år. Området er framleis i drift, om enn meir ekstensivt enn før, og framstår enno som eit stort heilskapleg seterlandskap, sjølv om samanhengen mellom dei ulike seterstølane i dag er noko svekka i høve til tidlegare grunna attgroing. Det finst også andre liknande seterdalar i området, men mange av desse gror raskt igjen.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med noko høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog og einer kan med fordel holdast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreying og attgroing. Det same gjeld for grana i området, som mange stader ser ut til å spreie seg raskt. Engene og myrområda

innanfor lokaliteten må ikkje pløyast, gjødslast eller sprøytast. I og med at området framleis framstår som eit intakt seterlandskap med dyr på beite, er det ikkje ønskjeleg med hyttebygging i dette området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 210 daa), låg vekt for raudlistearter og middels vekt for artsmangfald. Elles oppnår den middels vekt for tilstand og høg vekt for påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.



Figur 6. Bilete teke frå nord mot sør med stølshusa til høgre i biletet. Frøspreidd gran finst i heile området.
(Foto: Øystein Folden © 06.07.2015).



Figur 7. Dette biletet er tatt litt sør for stølshusa, mot aust. (Foto: Øystein Folden © 06.07.2015).



Figur 8. Ny avgrensning merka med raudt og gamal med grønt. Den grensar til ein annan lokalitet i vest.

LOK. NR. 3. ROMEDALEN: MOASTØYLEN. VERDI: VIKTIG - B.

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029786

UTM EUREF89 32V N 6906302 A 358954

Areal: 141 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (60 %), boreal hei (30 %), ur og rasmask (10 %).

Uforming: Fattig beitefukteng 40 %, beitevåteng 10 %, fattig boreal fukthei 30 %, ur og rasmask (10 %).

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 06.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo(siste)

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.07.2015, i samband med kartlegging av utvalde naturtypar i Møre og Romsdal fylke på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal den 05.09.2006. Den gongen vart lokaliteten registrert som kystlynghei av utforminga tørr lynchei. Seinare er omgrepet kystlynghei noko snevra inn i samband med revisjon av DN Handbok 13. Lokaliteten er no reinventert, og avgrensinga er betydeleg endra i høve til tidlegare grunna attgroing. Også naturtypen er endra frå kystlynghei til naturbeitemark i mosaikk med boreal hei. I Artskart er det lagt inn mange registreringar av John Bjarne Jordal, i samband med den nemnde kartlegginga.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit stort samanhengande beiteområde på flatene og i liene kring Moastøylen i Romedalen, ein sidedal til Folkestaddalen i Ørsta kommune. Den er registrert som ein mosaikk mellom meir eller mindre beitepåverka område med boreal hei, rasmarksenger og naturbeitemark. Ned mot elva som renn gjennom lokaliteten finst stadvis nokre kjeldepåverka parti. I naturbeitemarka finst einskilde tørre parti, men for det meste er engene fuktige, og stadvis er det også innslag av våteng, særleg ned mot elva. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, dioritt, monzodioritt, og lausmassane for det meste av torv og myr i tillegg til skredmateriale, morene og elveavsetningar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (40 %), men også med innslag av beitevåteng (10 %). Ut over dette finst ein del fattig til svakt intermediær boreal hei, for det meste av fuktige utformingar (30 %). I tillegg finst ein del ur og rasmask innanfor lokaliteten. Stadvis er rasaktiviteten framleis stor. Naturtypen kulturmarksseng er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan boreal hei er vurdert som; Datamangel - DD i same liste.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, og består av ein del bjørk saman med stadvis mykje einer. Nede ved elva finst også noko gråor. I engene vart det registrert mest vanlege og lite basekrevjande arter som gulaks, raudsvingel, finnskjegg, sølvbunke, engkevin, løkjeveronika, fjellbunke, markfrytle, grusstorr, småbjørneskjegg, harerug, myrfiol, tepperot, kystmaure, hestespreng, snauveronika, slirestorr, myrtistel, stjernesildre, fjellmarikåpe og musøyre. I dei meir heiprega områda dominerer blåbaer, røsslyng, hengeveng, kreking, fugletelg og blålyng. Også fuktengene og myrene ned

mot elva er jamt over fattige med artar som markfrytle, ryllsiv, sveltstorr, torvull, stjernesildre, tettegras, slåttestorr, rundsoldogg, flekkmarihand, klokkeling og rome. I rasmarksengene inngår i tillegg ein del fjellplantar som mellom anna trefingerurt, fjellveronika, fjellburkne, fjellmarikåpe, musøyre, dvergråurt, tiriltunge og hestesprieg. Flekkvis inngår også ein del strutseveng. Ved bekkekantar og meir kjeldepåverka område vart det mellom anna registrert mykle stjernesildre, stjernestorr og kjeldesildremose, saman med meir basekrevjande artar som mellom anna kornstorr, grønstorr, dvergjamne, gulsildre, fjellsyre og aksfrytle.

Også mosefloraen innanfor lokalitetene er triviell, med torvmosar, furumose, engkransmose og etasjemose som dominante artar.

5. september 2006 har John Bjarne Jordal mellom anna registrert bråtestorr og bakkefrytle, i tillegg til soppartar som liten vokssopp og sitronkragesopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har opp gjennom tidene vore beita i samband med seterdrifta i Romedalen. Lokaliteten er no generelt noko attgroande med einer og blåbærlyng, særleg i delar av rasmarksengene. Eit steingjerde deler heile lokaliteten i to. Dette var i si tid det gamle gjerdet mellom Moagarden og Olagarden. Noko av det som ligg næraust husa har truleg også, i alle fall tidvis, vore slåttemark. I tidlegare tider var det sambeite i dalen mellom både storfe, sau og geit. Det hende ofte at dyra vart flytta mellom dei ulike stølane og gardane nede i låglandet fleire gonger i løpet av sumaren grunna knappheit på beiteressursar. Det er framleis dyr på beite i Romedalen, og det meste av dalen tener no som fellesbeite. I 2015 var det om lag 100 storfe og om lag 4 – 500 sau på beite her (Kjelde: Asbjørn Aarseth og Ivar Aarseter pers. meld.). Ein veg går innover dalen, og deler lokaliteten i to.

Framande artar: Gran er planta i området og ser ut til å spreie seg raskt i det meste av dalen.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit gammalt seterlandschap i Romedalen som har vore nytta til seterdrift i mange hundre år. Området er framleis i drift, om enn meir ekstensivt enn før, men står enno fram som eit stort heilskapleg seterlandschap, sjølv om samanhengen mellom dei ulike seterstølane i dag er noko svekka i høve til tidlegare grunna attgroing. Det finst også andre liknande seterdalar i området, men mange av desse gror raskt igjen.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med noko høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Det same gjeld for grana i området, som mange stader ser ut til å spreie seg raskt. Engene og myrområda innanfor lokalitetene må ikkje pløyast, grøftast, gjødsla eller sprøytast. I og med at området framleis framstår som eit intakt seterlandschap med dyr på beite, er det ikkje ønskjeleg med hyttebygging i dette området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 147 daa), låg vekt for raudlistearter og middels vekt for artsmangfald. Elles oppnår den middels vekt for tilstand og høg vekt for påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.



Figur 9. Steingjerdet som deler lokaliteten i to. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 06.07.2015).



Figur 10. Lokaliteten sett fra søraust mot nordvest. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 06.07.2015).



Figur 11. Ny og gammal avgrensing.

LOK. NR. 4. ROMEDALEN: KUBBESTØYLEN. VERDI: VIKTIG - B.

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029791 og BN00029793

UTM EUREF89 32V N 6905121 A 358690

Areal: 173 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (70 %), boreal hei (30 %).

Utforming: Fattig beitefukteng 30 %, fattig beiteeng 20 %, beitevåteng 20 %, fattig boreal fukthei 30 %.

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 06.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo og Øystein Folden (siste).

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.07.2015 saman med Øystein Folden, i samband med kartlegging av utvalde naturtyper i Møre og Romsdal fylke på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal den 05.09.2006. Den gongen vart størstedelen av lokaliteten registrert som kystlynghei av utforminga tørr lynghei. Seinare er omgrepet kystlynghei noko snevra inn i samband med revisjon av DN Handbok 13. Lokaliteten er no undersøkt på nytt, og avgrensinga er noko endra i høve til tidlegare grunna attgroing. Også naturtypen er endra frå kystlynghei til naturbeitemark i mosaikk med boreal hei. I og med at lokaliteten no er registrert som naturbeitemark, fann ein det ved same høve naturleg å slå den saman med BN00029793, Kubbestøylen, som også vart registrert som naturbeitemark i 2006, slik at desse to no kan sjåast på som ein lokalitet. I Artskart er det lagt inn mange registreringar av John Bjarne Jordal, i samband med den nemnde kartlegginga.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit stort samanhengande beiteområde på flatene og i liene kring Kubbestøylen i Romedalen i Ørsta kommune. Den er registrert som

ein mosaikk mellom meir eller mindre beitepåverka område med boreal hei, rasmarsenger og naturbeitemark. I naturbeitemarka finst enkelte tørre parti, men for det meste er engene fuktige, og stadvis er det også innslag av våteng. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, dioritt, monzodioritt, og lausmassane er for det meste av torv og myr i tillegg til skredmateriale, morene og elveavsetningar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (30 %), men også med innslag av fattig beiteeng (20 %), og beitevåteng (20 %). Ut over dette finst ein del fattig til svakt intermediær boreal hei, for det meste av fuktige utformingar (30 %). Naturtypen kulturmarkseng er vurdert som; Sårbar - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011, medan boreal hei er vurdert som Datamangel - DD i same liste.

Artsmangfold: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, og består av ein del bjørk saman med stadvis mykle einer. Nede ved elva finst også noko gråor. I engene vart det mest registrert vanlege og lite basekrevjade arter som gulaks, raudsvingel, finnskjegg, sølvbunke, engkvein, lækjeveronika, fjellbunke, heiblåfjør, markfrytle, grusstorr, småbjørneskjegg, blåklokke, harerug, myrfiol, tepperot, kystmaure, hestespreg, snauveronika, slirestorr, myrtistel, stjernesildre, fjellmarikåpe og musøyre. I dei meir heiprega områda dominerer blåbær, røsslyng, hengeveng, kreling, fugletelg og blålyng. Også fuktengene og myrene er jamt over fattige med artar som markfrytle, ryllsiv, sveltstorr, torvull, stjernesildre, tettegras, slåtestorr, rundsoldogg, flekkmarihand, klokelyng og rome. I rasmarsengene inngår i tillegg ein del fjellplantar som mellom anna trefingerurt, fjellveronika, fjellburkne, fjellmarikåpe, musøyre, tiriltunge og hestespreg. Mest interessant er fleire spreidde funn av kvitkurle (NT). I tillegg vart det registrert meir basekrevjande artar som mellom anna kornstorr, grønstorr, dvergjamne, gulsildre, fjellsyre og aksfrytle. Mosefloraen innanfor lokaliteten er triviell, med torvemosar, furumose, engkransmose og etasjemose som dominante artar.

5. september 2006 registrerte John Bjarne Jordal mellom anna fjellaugnetrøyst, skoggråurt, bakkefrytle og grønstorr, i tillegg til soppartar som liten vokssopp, honningvokssopp, gul vokssopp, papegøyevokssopp, striperaudspore, blårandraudspore, beiteraudspore, og raudlisteartane gulbrun narrevokssopp (NT) og gulfotvokssopp (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har opp gjennom tidene vore beita i samband med seterdrifta i Romedalen. Lokaliteten er no gjengroande med einer og blåbærlyng, særleg i områda nord for stølshusa. Noko av det som ligg nærmast husa har trueleg også i alle fall tidvis vore slåttemark. I tidlegare tider var det sambeite i dalen mellom både storfe, sau og geit. Det hende ofte at dyra vart flytta mellom dei ulike stølane og gardane nede i låglandet fleire gonger i løpet av sumaren grunna knapheit på beiteressursar. Det er framleis dyr på beite i Romedalen, og det meste av dalen tener no som fellesbeite. I 2015 var det om lag 100 storfe og 4-500 sau på beite her (Kjelde: Asbjørn Aarseth pers. meld.). Ein veg går innover dalen, og deler lokaliteten i to.

Framande artar: Gran er planta i området og ser ut til å spreie seg raskt i det meste av dalen.
Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit gammalt seterlandschap i Romedalen som har vore nytt til seterdrift i mange hundre år. Området er framleis i drift, om enn meir ekstensivt enn før, og framstår enno som eit stort heilskapleg seterlandschap, sjølv om

samanhengen mellom dei ulike seterstølane i dag er noko svekka i høve til tidlegare grunna attgroing. Det finst også andre liknande seterdalar i området, men mange av desse gror raskt igjen.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med noko høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Det same gjeld for grana i området, som mange stader ser ut til å spreie seg raskt. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøyta. I og med at området framleis framstår som eit intakt seterlandskap med dyr på beite, er det ikkje ønskjeleg med hyttebygging i dette området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 173 daa) og middels vekt for raudlistearter og artsmangfald. Elles oppnår den også middels vekt for tilstand, og høg vekt for påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Viktig - B.



Figur 12. Frå toppen av rasmarksenga og nedover mot stølshusa til høgre i biletet. Fleire stader nede i kanten av lystheiane vaks kvitkurle. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 06.07.2015).



Figur 13. Ny og gammal avgrensing. Som ein ser er lokalitetane BN00029791; Koppen ovafor Kubbestøylen og BN00029793; Kubbestøylen tenkt slegne saman til ein lokalitet då desse no er definert som same naturtype. I vest er framleis lokaliteten Raudehammaren ved Kubbestøylen (BN00029793) halden utanfor avgrensinga. Området som ligg utanfor avgrensinga i nordvest, er utelatt frå lokaliteten grunna attgroing.

LOK. NR. 5. LANGEDALEN: NORD FOR VALLASÆTRA.

VERDI: **LOKALT VIKTIG - C.**

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00029791 og BN00029793

UTM EUREF89 32V N 6903475 A 355173

Areal: 5,5 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Naturbeitemark (100 %)

Utforming: Fattig beitefukteng 100 %.

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 06.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo og Øystein Folden (siste).

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 06.07.2015 saman med Øystein Folden, i samband med kartlegging av utvalde naturtyper i Møre og Romsdal fylke på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten ligg ved Bukkedalshølen, like nord for tidlegare avgrensa lokalitet på Vallasætra i Langedalen (BN00029803). Her var det tidlegare registrert kystlynghei. Ved undersøkingane vart det klart at lokaliteten for det meste er attgrodd med ungskog, og denne er difor føreslegen fjerna frå Naturbase.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit lite område med beita enger rundt Bukkedalshølen, like nord for Vallasætra i Langedalen i Ørsta kommune. Den er registrert som naturbeitemark, for det meste med fuktige eller sesongfuktige enger i dei bratte kantane skapt av at elva har grave i lausmassane rundt hølen. Berggrunnen i området består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, dioritt og monzodioritt og lausmassane for det meste av torv og myr i tillegg til skredmateriale, morene og elveavsetningar. I følgje Moen (1998),

ligg lokaliteten i mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturbeitemark, for det meste av utforminga fattig beitefukteng (100 %). Naturtypen kulturmarkseng er vurdert som; Sårbart - VU i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011.

Artsmangfald: Tre- og busksjiktet innanfor lokaliteten er for det meste sparsamt, og består av litt bjørk og einer nær elva. I engene vart det registrert mest vanlege og lite basekrevjande arter som gulaks, raudsvingel, finnskjegg, sølvbunke, engkvein, lækjeveronika, trefingerurt, heiblåfjør, småbjørneskjegg, blåklokke, harerug, myrfiol, tepperot, kystmaure, hestespreg, snauveronika, myrtistel, aksfrytle, bråtestorr, fjellmarikåpe og musøyre. I dei meir heiprega områda oppe på kantane av lausmassane, dominerer blåbær, røsslyng, hengeveng, krekling, fugletelg og blålyng.

Bruk, tilstand og påverknad: Heile lokaliteten har opp gjennom tidene vore beita i samband med seterdrifta i Langedalen. Områda rundt lokaliteten er no for det meste attgroande med einer, blåbærlyng, bjørk og gran. Lokaliteten er litt prega av ras i samband med at elva framleis grep i lausmassane.

Framande artar: Gran er planta i området og ser ut til å spreie seg raskt i det meste av dalen.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit gammalt seterlandschap i Langedalen som har vore nytta til seterdrift i mange hundre år. Området er framleis i drift, om enn mykje meir ekstensivt enn før. Det finst også andre liknande seterdalar i området, men mange av desse gror raskt igjen.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med noko høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Det same gjeld for grana i området, som mange stader ser ut til å spreie seg raskt. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødslast eller sprøytaast. I og med at området framleis framstår som eit intakt seterlandschap med dyr på beite, er det ikkje ønskjeleg med hyttebygging i dette området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (om lag 5,5 daa) og låg vekt for raudlistearter og arts Mangfald. Elles oppnår den også middels vekt for tilstand og påverknad. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien; Lokalt viktig - C.



Figur 14. Elva og hølen. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 06.07.2015).



Figur 15. Ny og gammal avgrensing. Lokaliteten i midten er føreslegen sletta.

LOK. NR. 6. FLEMSØYA/SKULØYA: URA-NOGVA.VERDI: VIKTIG - B.

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00019338

UTM EUREF89 32V N 6953056 A 362208

Areal: 391 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Boreal hei 100 %

Uforming: Rik boreal fukthei (70 %), rik boreal hei (30 %)

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 07.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo og Øystein Folden (siste).

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleining: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 07.07.2015 saman med Øystein Folden, utført i samband med kartlegging av utvalde naturtypar i Møre og Romsdal fylke på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt ved fleire høve, mellom anna av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder i samband med biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98, og av John Bjarne Jordal og Dag Holtan i samband med kartlegging av naturtypar i Haram kommune. Tidlegare var lokaliteten registrert som kystlynghei av utforminga tørr lynghei. Seinare er omgrepet kystlynghei noko snevra inn i samband med revisjon av DN Handbok 13. Lokaliteten er no undersøkt på nytt, og naturtypen er endra frå kystlynghei til boreal hei, som er skildra som hei skapt av avskoging og beite, men utan brenning. Det er verd å peike på at sjølv om lokaliteten aldri har vore brent, har den store likskapar med kystlynghei. Den nordlegaste delen av lokaliteten ligg innanfor det heilskaplege kulturlandskapet Skuløy/Haramsøy, ytre (Skuløy/Haramsøy, ytre).

I Artkart er det lagt inn mange registreringar av karplantar og sopp av John Bjarne Jordal, Dag Holtan og Geir Gaarder i perioden fra 1993 til 2002. Også mange fugleregistreringar er gjort i området.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordaustsida av Flemsøya/Skuløya i Haram kommune, og består av eit rimeleg flatt område langs sjøen som for det meste består av beita intermediære lyngheier. I vest er den avgrensa av brattare bergveggar, og i aust av sjøen. I nord og sør finst meir intensivt drive kulturmak. Berggrunnen i området består av hornblenderik migmatittgneis, rik på amphibolittlag, og lausmassene er for det meste tynne og stadvise usamanhengjande. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten på grensa mellom sørboreal (SB) og mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen boreal hei av utformingane rik boreal fukthei (70 %) og rik boreal hei (30 %). Vegetasjonen er for det meste prega av intermediære artar, men med stadvise innslag av basekrevjande artar. Naturtypen boreal hei er vurdert som Datamangel - DD i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011. I nord og sør finst område med meir intensivt beitepreg. Boreal hei, beitemark og ur opptrer for det meste i mosaikk, og det er difor ikkje hensiktsmessig å splitte dei opp i ulike naturtypar.

Artsmangfold: For det meste dominerer vidt utbreidde artar som blåbær, røsslyng, hengeveng, kreling, fugletelg, rosenrot, stjernesildre, heistorr, smalkjempe, småengkall, harerug, bekkeblom, jordnøtt, kystgrissøyre, bitterbergknapp, bogestorr, gulaks, hanekam, fjørrekoll, slåttestorr, flekkmarihad og dvergsmyle. Nær husa finst også ein del tusenfryd. Mange av desse er gode slåttemarksindikatorar. Også meir basekrevjande artar som

myrsaulauk, gulsildre, svarttopp, blåstorr, kusymre, loppestorr og kornstorr vart registrert. Den tidlegare lokalitetsskildringa omtalar i tillegg registreringar av sumpsivaks, dikesvineblom (sparsam) og tusenblad. Dunhavre skvere fulle også unne ved Ura av Dahl (1895). Rolf Nordhagen fann blåstorr i området i 1968. Denne arten er også registrert seinare. Det vart observert piggsvin i 2003.

Kommentert [B2]: Kva skal det eigentleg stå her?

I tre- og busksjiktet finst spreidd bjørk og rogn, samt ein del einer.

Potensialet for sjeldne og raudlista artar av sopp er absolutt til stades innanfor lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Det har alltid vore slik at ulike bønder har bruka kvar sin del av dette beiteområdet, og ein steingard viser kvar merket går. Han i nordvest (Erling Rogne) hadde 7 kviger som beitedyr i år, men har hatt opp i 12 einskilde år. Av og til har han gjødsla litt dei flataste partia i nordvest med kunstgjødsel (ca kvart 5. år). Normalt hadde han beitedyr i området om lag frå pinse til siste helga i august. Det har beita kviger (NRF) der i ca 40 år. Før dette var det sauer som bruka beitet. (ca til 1990).

Han som bruka beitet i sørvest (Jon Åge Nogva) hadde berre 5 kviger på beite der ute i år, men vanlegvis har han noko meir. I fjor hadde han til dømes 10 kviger og 5 kalvar på beite der ute. Dei gjekk då mest i Nogvadalen og beita. Han hadde ein teori om at storfeet byrja å eta tørt gras og ganske grov lyng om haustane når temperaturen byrja å gå ned, dette for å halda varmen. Han hevda at dei åt slikt til dei var «trillrunde» og at dette var årsaken til at det var så godt beita på yttersida. Vanlegvis hadde han beitedyra gåande der ute til november.

Tidlegare hadde det beita sauer på yttersida, men det var for minst 20 år sidan. Han meinte det kunne vera 50/80 sauer som beita der på det meste. Før han byrja med økologisk drift var det gjødsla litt for hand der ute. I følgje Nogva var råsa «menneskeskapt», eller i alle fall utbetra ganske mykje for hand. Skiljet mot den nordvestlege delen var det eit steingjerde (med trimkasse) som markerte. Han nemnde at det var mykje kusymre der ute.

Etter det inntrykket vi fekk, så er beitetrykket ganske godt jamt over på det meste av lokaliteten i alle fall i sør og nord. Områda midt i lokaliteten er noko meir vanskeleg tilgjengeleg, og beitetrykket er difor ikkje like høgt her. Det har tidlegare vore innmark nær husa både nord og sør i lokaliteten, og noko av dette har truleg også vore slåttemark tidlegare. Området framstår i dag som beitemark. Sitkagran ser ut til å spreie seg i området.

Framande artar: Sitkagran, platanlønn.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein del av eit heilskapleg kulturlandskap på Skuløyen som framleis er halde i hevd gjennom beiting, og det er naturleg å sjå den i samanheng med dette. Dei bratte bergveggane i lia ovanfor lokaliteten er registrert som nordvende kystberg og blokkmark med verdien; Svært viktig – A i Naturbase, og det er naturleg å sjå lokaliteten i samanheng også med denne.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med noko høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Det same gjeld for sitkagrana i området. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje ployast, grøftast, gjødslast eller sprøytast.

Verdivurdering: Ut fra fakttaark for boreal hei frå juni 2015 oppnår lokaliteten middels vekt for arts mangfald, høg vekt for areal (ca 391 daa), middels vekt for tilstand, og middels til høg vekt for hevd. Ut fra dette er lokaliteten vurdert å ha verdien Viktig - B.



Figur 16. Lokaliteten sett frå nord mot sør. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 07.07.2015).



Figur 17. Kulturlandskapspleiarane på Ura-sida. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 07.07.2015).



Figur 18. Vi har ikke funne nokon grunn for å endra avgrensinga av denne lokaliteten, her markert med grønt.

LOK. NR. 7. ØRSKOGFJELLET: KVANNDALSETTRA. VIKTIG - B.

Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00021530

UTM EUREF89 32V N 6932132 A 393842

Areal: 98 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Boreal hei 100 %

Utforming: Rik boreal fukthei (100 %).

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 10.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo(siste).

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleieing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS, basert på eige feltarbeid 10.07.2015, utført i samband med kartlegging av utvalde naturtypar i Møre og Romsdal fylke på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av John Bjarne Jordal og Dag Holtan (Jordal, J. B. & Holtan, D., 2005), i samband med kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune, og av nemnde Holtan i samband med supplerande kartlegginga av naturtypar i kommunen i 2012 (Holtan, D., 2013). Tidlegare var lokaliteten registrert som kystlynghei av utforminga kystfjellhei. Seinare er omgrepet kystlynghei noko snevra inn i samband med revisjon av DN Handbok 13. Lokaliteten er no undersøkt på nytt, og naturtypen er endra frå kystlynghei til boreal hei, som er skildra som hei skapt av avskoging og beite, men utan brenning. Like nord for lokaliteten ligg Måslia naturreservat, som er verna på bakgrunn av at dette er eit nasjonalt viktig stort typeområde med myr. I Artskart er det lagt inn mange registreringar av karplantar og sopp av John Bjarne Jordal og Dag Holtan frå 26.06.2001 og 15.07.2012.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for seterhusa på Kvanndalssettra, inst i Kvandalen på Ørskogfjellet i Ørskog kommune, og består av eit slakt skrånande austvend område med fuktige lyncheiar saman med nokre meir myrprega område. I aust er den avgrensa av seterhusa, og elles er den avgrensa av meir attgrodde lyncheiar. Berggrunnen i området består i følgje berggrunnkartet av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, medan lausmassene består av tjukke morenemassar. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten på grensa mellom sørboreal (SB) og mellomboreal (MB) vegetasjonssone, og i klart oseanisk vegetasjonssekksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen boreal hei av utforminga rik boreal fukthei (100%). Vegetasjonen er for det meste prega av intermediære artar, men med stadvise innslag av basekrevjande artar. Naturtypen boreal hei er vurdert som DD - Datamangel i Norsk raudliste for naturtypar fra 2011. Nærast seterhusa finst innslag av område som er å rekle som naturbeitemark, men desse opptrer i fin småskala mosaikk med meir heiprega område, og det er difor ikkje hensiktmessig å splitte dei opp i ulike naturtypar.

Artsmangfold: For det meste dominerer vidt utbreidde artar som blåbær, røsslyng, hengeveng, kreling, fugletelg, geitsvingel, slirestorr, fjellsveve, aurikkelsveve, sølvbunke, gulaks, engkvein, smyle, heiblåfjør, sølvbunke, engstorr og fjelltimotei. I dei fuktigare partia finst mange lite krevjande artar som kystmyrklegg, kvitlyng, blokkebær, sveltstarr, flekkmarihand, torvull, stivstorr, ryllsiv, slåtestorr, småbjønnskjegg og blåtopp, der dei to sistnemnde mange stader dominerer. Stadvis, og særleg ned mot husa meir krevjande artar som bjønnbrodd, dvergjamne, fjelllistel, fjellfrøstjerne, gulstorr, breiull, kornstorr, grønstorr, breiull, svarttopp og gulsildre. Mest interessant er funn av kvitkurle (NT), som også omtala frå

både 2001 og 2012. I busksjiktet finst ein del einer og bjørk, særleg mot sør i retning elva. Stadvis finst også nokon ung gråor. Potensialet for sjeldne og raudlista artar av sopp er svakt til stades innanfor lokaliteten, og særleg i områda nærmast husa.

Frå tidlegare er det i Artskart også registrert mellom anna jáblom, kattefot, loppestorr og sveltull her.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er framleis beita ekstensivt, men beitetrykket er for svakt. Lerk ser ut til å spreie seg i området. Det går vegar til dei fleste hyttene på vollen, og det er også laga nokre mindre parkeringsplassar i samband med desse. I dei meir myrprega delane av lokaliteten er det spor etter torvtukt.

Framande artar: Lerk

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande myrflatene og heiområda ein finn i fjellnære område både i Ørskog og Stordal kommunar.

Skjøtsel og omsyn: Framleis beite, gjerne med høgare beitetrykk enn i dag er ein føresetnad for å ta vare på dei biologiske verdiane i dette området. Lauvskog kan med fordel haldast under kontroll, og eventuelt fjernast for å hindre spreiling og attgroing. Det same gjeld for eineren i området. Engene og myrområda innanfor lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, gjødsla eller sprøytast. Det er heller ikkje ønskeleg med ytterlegare hyttebygging.

Verdivurdering: Ut fra faktaark for boreal hei frå juni 2015 oppnår lokaliteten låg vekt for artsmangfald, høg vekt for areal (ca 98 daa), middels vekt for tilstand, og middels til høg vekt for hevd. Ut fra dette er lokaliteten vurdert å ha verdien Viktig - B.



Figur 19 Lokalitetsavgrensing. Ein har ikkje sett nokon grunn til å endre på denne, og den er difor markert med grøn.



Figur 20. Oversyn over det meste av lokaliteten frå aust mot vest. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 10.07.2015).



Figur 21 Kviturle (NT) vart registrert ein stad på lokaliteten også i 2015, og er omtalt også frå tidlegare registreringar. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 10.07.2015).

LOK. NR 8. UKSNØYA. VERDI: SVÆRT VIKTIG - A.

Sandøy kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: BN00019308

UTM EUREF89 32V N 6960757 A 365953

Areal: 1098 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Kystlynghei (70 %), naturbeitemark (20 %), nakne berg og strandenger, til saman om lag 10 %.

Utforming: Fattig fukthei 50 %, fattig tørrhei 20 %, naturbeitemark 20 %. Resten består av nakne berg og strandenger, til saman om lag 10 %.

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 07.07.15 av Solfrid Helene Lien Langmo og Øystein Folden (siste)

Avgrenspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS saman med Øystein Folden og Finn Oldervik, basert på feltarbeid 07.07.2014 for Bioreg AS, i samband med kartlegging av utvalde naturtypar i Møre og Romsdal fylke på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er tidlegare undersøkt ved fleire høve av John Bjarne Jordal og Geir Gaarder, mellom anna i samband med registreringar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1995-96. I Artskart er det lagt inn registreringar av Geir Gaarder, John Bjarne Jordal 17.10.1996 og Sverre Midtgård ved fleire høve på 1940-talet. Lokaliteten er ved revisjonen i 2015 utvida til også å inkludere holmane Lamholmen og Storholmen i sør aust, i og med at skjøtselen også er teke oppatt på desse holmane.

Lokalisering og naturgrunnlag: Uksnøya er ei øy vest av Harøya og består av to fråflytta gårdsbruk. Også ein del av dei omkringliggjande holmane er inkludert i avgrensinga. For det meste består området av låge vêrbitte holmar prega av å ha storhavet som nærmeste nabo. Berggrunnen i området består for det meste av granatamfibolitt og granat-kyanittgneis, medan lausmassane for det meste er tynne og usamanhengjande. Unntaket er i enkelte sokk i berget der dei er noko tjukkare, samt på innmarka nærmast husa. I følgje Moen (1998), ligg lokaliteten i sør boreal (SB) vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonssone, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen kystlynghei, hovudsakeleg av utforminga fattig fukthei (50 %). I tillegg finst enkelte område med fattig tørrhei (20 %), ein del område med naturbeitemark (20 %), samt mindre område med snaua berg med svært sparsamt med vegetasjon, og enkelte mindre strandenger, til saman om lag 10 %). Naturtypen kystlynghei er vurdert som EN - Sterkt truga i Norsk raudliste for naturtypar frå 2011. Kystlynghei og naturbeitemark finst for det meste i finskala mosaikk innanfor lokaliteten, og det er difor ikkje hensiktmessig å splitte dei opp i ulike naturtypar.

Artsmangfold: Området består for det meste av artar som er vanlege for slike område ute ved kysten. Den grunnleggjande arten i heile dette systemet er røsslyngen og livssyklusen til denne arten. Gjennom brenning av lyngen oppstår opne sår i landskapet som gror til med andre artar, inntil lyngen har regenerert og igjen tek over som den dominerande arten. I dei områda som er dominert av røsslyng, finst elles mellom anna; blokkbær, dvergsmyl, engsyre, finnskjegg, harerug, kreling, smyle og sølvbunke. Eit område som skil seg frå resten av øyane her ute, er det området som ligg nærmast husa. Dette er meir å rekne som naturbeitemark, men også her i mosaikk med kystlynghei. Her finst forutan lyng også artar som blåklokke, geitsvingel, gulaks, gulskolm, hanekam, hestehavre, hårsvæve, knegras, kvitkløver og lækjeveronika . I fuktigare parti finst meir sølvbunke og knappsliv, og stadvis høge tuver med stolpestarr. Mellom desse tuvene står det enkelte stader vatn. Utanom dette finst det nokre små område

med strandeng. Her vart det mellom anna registrert mykje gåsemure! Tresjiktet er for det aller meste fråverande, med unntak av spreidde førekommstar av vier og rogn. I tillegg er det stadvis planta noko sitkagran og bergfuru, særleg nær husa samt på Høgværhaugen. I busksjiktet finst varierande mengde med einer. Dette er også ein viktig viltlokalitet. T.d. har det hekka sørleg myrsnipe her. Kjelde: A. O. Folkestad frå tidlegare lokalitetsskildring i Naturbase). Det er også registrert fuglar som havørn, storspove (NT), krykkje (EN), sjørre (NT), svartand (NT), teist (VU) og mange meir vanlege sjøfuglar på og rundt øya.

I følgje Artskart registrerte John Bjarne Jordal og Geir Gaarder den 17.10.1996 mellom anna skarlagenvokssopp, sleip jordtunge, skjeljordtunge, grå vokssopp, gul slimvokssopp (VU), som er ein eksklusiv, oseanisk soppart og slimjordtunge (EN), ein art med få funn i Noreg,

På 1940-talet registrerte Sverre Midtgård mellom anna villapal og lodnefaks. Potensialet for sjeldne og raudlista arter av sopp er framleis vurdert som stort på Uksnøya. I tillegg finst det ein del spesialistar innan fleire artsgrupper som er knytt til området som vert skjøtta med brenning.

Bruk, tilstand og påverknad: . Første vitnemål om busetnad her er frå Snorre. I april 1206 overnatta baglarkongen Erling Steinvegg her på veg til Trondheim. Dette tyder på lang kontinuitet i beitepåverknaden. På 1500-talet var brukarane sjølveigande og velstående. Frå ca. 1600 har det vore to bruk. Dyretalet i 1714 var 16 kyr og ein hest, i 1773 på den eine garden 1 hest, 10 storfe, 5 sauvar og 2 grisar. Det var registrert 16-20 fastbuande her i ulike folketeljingar på 1800-talet. Øya vart fråflytta i 1958. (Huse 1996). Etter eit beiteopphold på ein del år, vart det 04.10.1993 sett ut 13 søyer og 3 verar av utegangarsau av Uksnøy Villsaulag som eit forsøk på å redusere skadeomfanget av gåsebeite på innmarka på Harøya. Lyngbrenninga vart teke oppatt på Uknøya i 2006, og har etter den tid vorte utvida til å inkludere også fleire av holmane i kring, i takt med at dyretalet har auka. Grunnlaget for foret til desse dyra ligg i kombinasjonen av gras og urter som er det viktigaste sommarbeitet, og unge lyngvekstar og tang som er viktige om vinteren. Dei siste åra har det vore lagt ned ein stor innsats i restaurering av landskapet på Uksnøya, mellom anna ved fjerning av tuver med stolpestarr og knappsvi, lyngbrenning og rydding av sitkagran for å nemne noko.

Framande artar: Pollpryd, sitkagran og bergfuru.

Del av heilskapleg landskap: Kystlynghei finst i Noreg i eit 10-40 km breitt belte langs kysten frå Agder til Lofoten. Naturtypen har gått sterkt tilbake ettersom mange holmar og øyer er fråflytta og dyrehaldet opphøyd. I området rundt Uksnøya finst det likevel også ein del andre lokalitetar der lyngbrenning framleis finn stad, mellom anna på Smågeholmane og Småge i Aukra. Ein kan såleis seie at Uksnøya er ein del av eit større heilskapleg kystlandskap der lyngbrenning framleis finn stad. Naturtypen er likevel å rekne som regionalt sjeldan.

Skjøtsel og omsyn: Vidare manuell rydding av ungskog og kratt for å motverke attgroing vil vere en fordel. Det same gjeld fjerning av sitkagran og bergfuru. Det er likevel viktig i dette arbeidet å ta omsyn til eventuelle hekkelokalitetar for fugl, i og med at dei framande treslaga utgjer det aller meste av skogen på øyane. Etter ein intensiv periode med brenning av mykje gamal lyng, er Uksnøya no kome dit at ein kan koncentrere seg om å svi av mindre området for vedlikehald, og etter kvart ta sikte på ein 10- 20-års syklus på brenning av dei ulike områda. Ein bør også ta sikte på å brenne berre delar av holmar for å oppnå ein enda meir finskala mosaikk av lyng i ulike aldersklasar. Kor lang tid det skal gå mellom kvar gong eit område skal brennast kan variere frå holme til holme. Ein bør så langt som råd er prøve å unngå

tilleggsforing, da dette etter kvart kan føre til ei gradvis oppgjødsling av holmane, samt innføring av uønskte framande artar.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for kystlynghei frå juni 2015 oppnår lokaliteten høg vekt for storleik (nesten 1100 daa), tilstand og raudlisteartar, og middels vekt for påverknad, først og fremst på grunn av førekomstar av sitkagran og bergefuru. Ut frå dette er det liten tvil om at lokaliteten skal ha verdien; Svært viktig – A.



Figur 22. Frå nordaust mot sørvest. Husa ligg på holmen litt til venstre i biletet. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 10.07.2015).



Figur 23. Hovudhuset på det eine gardsbruket på Uksnøya er imponerande å skoda. (Foto: Solfrid Helene Lien Langmo © 10.07.2015).



Figur 24. Kartet viser ny og gammal avgrensing. Legg merke til at i den nye avgrensinga er Storholmen og Lamholmen sørøst i Øygruppa også inkludert i avgrensinga. Dette fordi sauene også nyttar desse holmane til beite, om enn meir sporadisk, samt at skjøtselen også er teke opp att her.

6**LITTERATUR**

Dahl, O. 1895. Plantogeografiske undersøkelser i Ydre Søndmøre 1894. Christiania Vidensk. Selsk. Forh. 1894 no. 11: 3-44.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Holtan, D. 2013. Supplerande kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune i 2012. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport nr. 1 – 2013. 90 s. ISBN 978-82-7430-259-4

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1998. Noen soppfunn i ugjødsela beite- og slåttemarker III. Agarica 15 (24/25):29-58.

Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtypar i Haram kommune. Haram kommune, rapport. 117 s. + bilet og kart. ISBN 82-991046-2-9.

Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 2-2005. 78 s. + kart. ISBN 82-92647-02-3.

Jordal, J. B. 2005. Kartlegging av naturtypar i Sandøy kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 1-2005. 73 s.

Jordal, J. B. Et al 2006. Kartlegging av naturtypar i Ørsta kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2006. 122 s. + kart.